



Eldrerådet

|                   |                     |                    |              |                   |
|-------------------|---------------------|--------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar     | Tlf. direkte innval | Vår ref.           | Dykkar ref.  | Dato              |
| <b>Tove Omdal</b> | <b>909 44 865</b>   | <b>2022/2524-1</b> | <b>[REF]</b> | <b>23.03.2022</b> |

## Prosjekt Sjukeheimar i Kvinnherad 2022- medlem til referansegruppe

Sektor Omsorg, helse og sosial i Kvinnherad kommune har starta opp eit prosjekt der vi skal jobbe med organisering og bemanning i sjukeheimstenesta i Kvinnherad. Dette er eit utviklingsprosjekt knytt til å utvikle berekraftige og gode helse- og omsorgstenester knytt til organisering og bemanning i sjukeheimane.

Prosjekteigar er sektorleiar omsorg, helse og sosial Åslaug Brænde, og prosjektleiar er Tove Omdal. Styringsgruppa består av hovudtillitsvald i Fagforbundet og sjukepleiarforbundet i tillegg til hovudverneombodet. Det er oppretta arbeidsgrupper på sjukeheimane som skal jobbe tett på utviklingsprosjektet.

Prosjektet skal også ha ei referansegruppe, der vi vil rapportere om framdrift i prosjektet, samt be om innspel ut frå kva oppgåver vi jobbar med. Vi ynskjer også å ta med enkelt deltakare frå referansegruppa inn i medarbeidar kafé der vi skal jobbe tett med dei tilsette. I referansegruppa ynskjer vi å ha med samarbeidspartar som sjukeheimslege, tilsett frå heimetenesta, eining for ergo- og fysioterapi og representant frå pårørandeutvalet ved Rosendalstunet. Vi ynskjer også å få med ein representant frå eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsnivå i referansegruppa.

Vi vil med dette rette spørsmål til eldrerådet om eit fast medlem i eldrerådet kan delta i referansegruppa?

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Tove Omdal  
*Rådgjevar*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:  
Åslaug Brände

Rosendalsvegen 10